

Kommunale mål og retningslinjer for hjorteviltforvaltninga i Vågå 2023–2028

Vedteke i hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning sak
13/2023 den 14.06.2023

Innhald

Innledning.....	3
Områdeskildring og faktaopplysningar	4
Minsteareal	4
Bestandsstatus elg.....	5
Felte elg	5
Sett elg pr. jegerdag	6
Felt elg per jegerdag.....	6
Sett ku pr. okse.....	7
Sett kalv pr. ku.....	7
Sett kalv pr. kalvku	8
Aldersfordeling	8
Slaktevekt	8
Beiteforhold.....	10
Elgen i Oppland	10
Bestandsstatus hjort	11
Bestandsstatus rådyr	12
Fallvilt	12
MÅL FOR BESTANDSUTVIKLING	13
Målsettingar for elg	13
Målsettingar for hjort.....	13
Målsettingar for rådyr	13
Målsettingar for ulykker på veg	14
Bestandsplanar	14
Kontroll og rapportering.....	14

Innledning

Forskrift om forvaltning av hjortevilt (FOR-2016-01-08-12) er førande for hjorteviltforvaltninga i Noreg. Føremålet med forskrifta er:

§ 1 Formål

Formålet med denne forskriften er at forvaltningen av hjortevilt ivaretar bestandenes og leveområdenes produktivitet og mangfold. Det skal legges til rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.

Om mål for forvaltninga av elg, hjort og rådyr seier forskrifta følgjande:

§ 3. Mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr

Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på naturmangfold, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.

Jf. § 15 i hjorteviltforskrifta kan vald eller bestandsplanområde som disponerer eit teljande areal på minimum 20 gonger minsteareal søkje kommunen om godkjenning av ein fleirårig, maksimalt femårig bestandsplan for elg og/eller hjort. Bestandsplanen skal innehalde mål for bestandsutvikling, og desse skal vere i samsvar med kommunen sine mål. Kommunen kan berre godkjenne bestandsplanar som er i tråd med kommunale mål og retningslinjer.

Kommunen har hovudansvar for den offentlege forvaltninga av elg, hjort og rådyr. I tillegg til å bidra til ivaretaking av bestandane og deira leveområde, har kommunen eit stort ansvar for offentlege interesser knytt til hjortevilt, mellom anna verdier knytt til opplevingar, biologisk mangfald og trafikkproblem. Jaktrettshavarane har ansvaret for organisering og tilrettelegging av jaktutøving. Dei har også moglegheit til å bidra i bestandsforvaltninga, mellom anna gjennom utarbeiding av bestandsplanar og gjennomføring av andre forvaltningstiltak. Kommunen sine mål bør utarbeidast saman med jaktrettshavarane og jegerorganisasjonar.

Hjorteviltforskrifta seier at kommunen sine mål og retningslinjer skal vere:

- Konkrete
- Etterprøvbare
- Tydelege retningslinjer for jaktrettshavarane som ønskjer å utarbeide bestandsplan

Det er viktig at retningslinjene ikkje blir så detaljerte at jaktrettshavarane blir mistar handlingsrommet. Dei kommunale måla og retningslinjene skal følgje bestandsplanperioden som går frå 2023-2028.

Områdeskildring og faktaopplysningar

I Vågå er det to bestandsområde, Vågå/Sel nord og Vågå sør. Vågå/Sel nord består også av to jaktfelt på Sel sida, Horgen og Åsen. Delar av Skaihø viltområde ligg innanfor Vågå og blir forvalta av Lom kommune. Denne inndelinga bør også bestå i framtida.

Minsteareal

Minsteareal seier noko om det teljande arealet som skal leggjast til grunn for kvart dyr det blir gjeve fellingsløyve på. Teljande areal er det arealet som blir lagt til grunn for beregning av tall fellingsløyve. Det vil si at minsteareal avgjer kva for kvote som kvart bestandsplanområde får tildelt.

Gjeldande minsteareal vart endra i kommunestyremøtet 8. februar 2023 i sak 3/2023 for å legge til rette for auka uttak av hjort og elg. Det vil ikkje vere behov for å endre *Forskrift om minsteareal for forvaltning av hjortevilt, Vågå kommune, Innlandet* med det fyrste. Ettersom det er store skilnader innanfor kommunen når det gjeld fordeling av elg og hjort er kommunen delt i to område når det gjeld minsteareal. Årsaka til dette er at store delar av arealet på sørsida av Otta elv er fjellterreng (Langmorkje statsallmenning). Minstearealet i kommunen er som følgjande:

Tabell 1: Minsteareal for godkjenning av vald og fellingsløyve i Vågå kommune


Heile eller delar av kommunen	Elg: Minsteareal i dekar	Hjort: Minsteareal i dekar	Rådyr: Minsteareal i dekar
Vågå nord for Otta elv	2000	2000	2000
Vågå sør for Otta elv	4000	3000	3000

Bestandsstatus elg


Hjorteviltforvaltninga i Noreg er basert på innsamla data frå jegerar som blir lagt inn i hjorteviltregisteret. Denne statistikken er det beste, og det einaste kunnskapsgrunnlaget forvaltninga har og seier noko om bestandsstorleik, utvikling og kjønns- og alderssamansetning.

Felte elg

Felt elg har auka mykje i Vågå frå 2011 og fram til 2019. Talet har deretter gått noko ned og ligg på om lag 100 felte dyr i året per 2022.




Figur 1: Grafen viser felt elg frå 2012-2022, fordelt på kjønn og alder (hjorteviltregisteret).



Figur 2: Grafen viser fordeling på felte elg fordelt på kjønn og alder i perioden 2012-2022 (hjorteviltregisteret).

Sett elg pr. jegerdag


Sett elg per jeger dagdag er ein indeks på kor ofte det blir sett elg under jakta. Statistikken er best egna til å sjå utviklinga av ein bestand over tid. I 2018 vart registreringsmetoden for sette dyr endra. Det er difor noko usikkert om jaktlaga har registrert med nye eller gamal metode. Norsk Institutt for naturforskning (NINA) har difor tilrådd forvaltninga til å ta i bruk felt elg per jegerdag som eit anna indeks på bestanden sin tettheit.



Figur 3: Grafen viser sett elg pr. jegerdag i perioden 2012-2022 (hjorteviltregisteret).

Felt elg per jegerdag


Felt elg per jegerdag viser kor mykje elg som blir felt per jegerdag, og er likt med sett elg indeks på bestandstetthet.



Figur 4: Grafen viser felt elg per jegerdag (hjorteviltregisteret).

Sett ku pr. okse

Sett ku pr. okse er ein indeks som seier noko om kjønnsfordeling i bestanden. I Vågå har det vore ein svak auke i andel ku pr. okse.



Figur 5: Grafen viser sett ku per okse (hjorteviltregisteret).

Sett kalv pr. ku


Indeks på kor mange av kyra som har kalv. Tala viser at det har variert litt frå år til år, men er innanfor det som er tilrådeleg.



Figur 6: Grafen viser sett kalv per ku (hjorteviltregisteret).

Sett kalv pr. kalvku

Indeks på kor mange kyr som har tvillingkalv. Denne har gått ned dei siste åra. Denne var på sitt lågaste i 2018 med 1,05 men har gått oppover att og er på 1,1 i 2022.



Figur 7: Grafen viser sett kalv per kalvku (hjorteviltregisteret).

Aldersfordeling

Alderssammansetning har betydning for slaktevekt og tabellen nedanfor viser gjennomsnittleg alder for felt vakse ku og okse i åra 2017-2021 og tal dyr som er felt.

År	Okse 2 ½ år og eldre	Tal dyr	Ku 2 ½ år og eldre	Tal dyr
2017	4,2 år	21	5,0	20
2018	4,5 år	29	3,6	22
2019	4,2 år	30	3,4	26
2020	5,9 år	31	6,0	22
2021	4,6 år	29	6,1	26

Slaktevekt

Jegerane rapporterer inn slaktevekter gjennom hjorteviltregisteret. Dette har ikkje vore registrert i hjorteviltregisteret i Vågå før i 2017/2018, men Vågå fjellstyre har ført statistikk over vekt over alle dyr som er felt i kommunen i mange år. Frå og med 2017 er det registrert slaktevekter og det er nesten 100 % rapportering, slik at det er eit godt utval som er representativt. I dei fleste område er oppgjer for jakta basert på utbetaling for eksakt vekt, noko som gir sikre data.

I forvaltningssamanheng er det mest interessant å sjå på vekstutvikling for kalvar og ungdyr. Kalv og ungdyr er mest utsett for beitepress og næringsmangel, samt at vektene på kalvane er viktig for å utvikle ein berekraftig bestand med dyr med god kondisjon og reproduksjonsevne. Tabellen nedanfor viser gjennomsnittleg slaktevekt for dei forskjellige alders- og kjønnskategoriane i Vågå.

	Oksekalv kg	Kukalv kg	Okse 1 ½ år kg	Ku 1 ½ år kg	Okse 2 ½ år og eldre kg	Ku 2 ½ år og eldre kg
2017	64,4	58,7	114,5	115,7	209,6	153,8
2018	55	54,6	117,8	116,1	211,5	155,8
2019	59,9	61,3	113,5	116,4	206,3	153,8
2020	61,7	55,9	112,2	105,4	210,2	161,4
2021	59,7	57,8	122,8	111,6	200,6	156,2
2022	58,3	61,9	122,5	86,4*	197,2	156,9
Snitt	59,8	58,4	117,2	108,6	205,91	156,3

*Vekta er berre basert på 7 dyr og den låge vekta er slik sett noko tilfeldig.

Slaktevektene har dei siste 6 åra heldt seg relativt stabilt. Vekt på okse ungdyr har gått noko opp medan vektene for ku ungdyr har gått noko ned. Vekt på vaksen okse har også gått noko ned. Vekt på vaksen ku og kalv har helde seg stabilt.

Tabellen nedanfor viser gjennomsnittleg (2017-2022) slaktevekt fordelt på alder og dyr i Vågå, Innlandet fylke og heile Noreg. I Vågå har oksekalvar og kukalvar lik vekt, medan Innlandet og resten av landet har større forskjell mellom kjønn. Vågå kommune har slik sett lik vekt på kukalvar som Innlandet og Noreg, men litt låge vektorer for oksekalvar. Når det gjeld ungdyr og vakse ku så har Vågå kommune låge gjennomsnittlege slaktevektorer når ein samanliknar med Innlandet og Noreg. Vågå kommune har derimot høgare gjennomsnittleg slaktevekt på eldre oksar enn Innlandet og Noreg.

Dyrekategori	Okskalv kg	Kukalv kg	Okse 1 ½ år kg	Ku 1 ½ år kg	Okse 2 ½ år og eldre kg	Ku 2 ½ år og eldre kg
Vågå	59,8	58,4	117,2	108,6	205,9	156,3
Innlandet	65,6	61	129,9	121,2	202,3	165,4
Norge	62,4	58	128	121	197,6	165,9

Beiteforhold

Det føreligg ingen beitetakst for heile Vågå samla, men FAUN Naturforvaltning gjennomførte ein felles beitetakst i Murudalsområdet for kommunane Vågå, Sel og Nord-Fron i 2016. Takst og tidlegare beitetakstar viser at delar av området er kraftig overbeita over lang tid. Taksten dreier seg i hovedsak om beiteskader på skog, primært av elg. Det blir i rapporten tilrådd at det bør takast ut trekkelg, som kvar vinter kjem til området fra områder lengre sør.

Rapporten fra Faun Naturforvaltning seier mellom anna: *«Vi anbefaler at elgstammen reduseres vesentlig, og til et nivå der uttaksprosenten for de kvantitativt viktigste beiteplantene for elg (furu og bjørk) er betydelig under en uttaksprosent på 35%. Vi anbefaler at jaktinnsatsen intensiveres for alle kommunene, og spesielt i Vågå der beitetrykket under årets takst var klart størst. I den grad det er mulig bør reduksjonen i elgbestanden rettes mot trekkelg. Måltrettet bestandsplansamarbeid innenfor hele årsleveområdet til elgbestanden bør prioriteres høyt. Det synes likevel klart at den «stedegne» elgbestanden også bør reduseres noe for at beitetrykket og skogskadene skal avta, samtidig som en legger grunnlaget for et bærekraftig beitegrunnlag».*

Bestandskondisjonen har historisk sett holdt seg på et høyt nivå i regionen. Den reduserte kalveproduksjonen de siste årene, uttrykt som kalv per ku og kalv per kalvku, bør imidlertid fremstå som et varsel signal om at bæreevnen til elgbestanden er oversteget. Vi tror at bestandskondisjonen vil avta ytterligere dersom det ikke tas forvaltningsmessige grep på et tidligst mulig stadium. Alle erfaringer fra andre områder tilsier at det er tidkrevende å reversere en negativ trend.

Elgen i Oppland


Vågå kommune deltek i prosjektet Elgen i Oppland. Det er kommunar og rettighetshavarar som tok initiativ til prosjektet med bakgrunn i store beiteskader etter trekkande elg. Vågå kommune deltek saman med ti andre kommunar. Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) merka 52 elger i 2020 og 2021 for å kunne dokumentere årsleveområde for elg. Elgen skal gå med halsbånd utstyrt med radiosender i fire år for å sikre betre data for beitedynamikk og trekkmønster. Data frå prosjektet har vist sesongvandringar på opptil 100 km i luftline. Det er ei viktig målsetting at resultatet frå dette prosjektet vil bidra til ei meir samordna forvaltning i forhold til årsleveområde. Beitetakstar i vinterområda i Murudalen og vidare nordover har vist store område med sterkt overbeite over tid. Det vart gjennomført beitetaksering over om lag 3000 daa i 2021 og 2022 av NIBIO. Taksten omfattar delvis 11 kommunar og i Vågå vart det gjennomført beitetaksering innanfor Sjudalen der trekkelgen held til på vinter. Taksten viser at beitepresset tilseier at vinterbestanden siste 5-10 år har vore rundt maksimal bereevne. Sjå NIBIO rapport vol.8 nr.145 2022.

Vågå kommune har som mål at årslevområde skal leggjast til grunn når det gjeld forvaltning av hjortevilt, særleg for elg. Det vil difor vere viktig å få overført resultatet frå beiteprosjektet Elgen i Oppland i praksis. Trekkande elg må fellast der dei trekk frå og ikkje i

Murudalen/Sjødalen. Resultata av elgmerkeprosjektet vil kunne danne grunnlag for ny organisering og forvaltning basert på elgen årsleveområde.

Bestandstatus hjort

Kommunen har valt å berre nytte felte dyr som grunnlag for vurdering av bestandstatus for hjort fordi bestanden er aukande. Det viktigaste tiltaket vil vere å halde bestanden nede og fellingsstatistikk på kjønn og alder er slik sett ikkje så viktig. I 2022 vart det totalt felt 93 hjort i heile Vågå. For ti år sidan vart det felt 53 hjort. Figur nedanfor viser at uttaket av hjort har auka mykje dei siste tre åra med eit topp i fjor.




Figur 8: Grafen viser felt hjort innanfor Vågå kommune (hjorteviltregisteret).

Fellingsresultat og registreringar viser at hjortebestanden framleis er i vekst. Vågå kommune har som målsetting at det vert tatt ut tilstrekkeleg med dyr, så stamma ikkje aukar vesentleg frå nivået i dag. Generelt sett så er hjorten i vekst innanfor heile austlandet. Bestanden av hjort vil ikkje vekse veldig raskt i og med at hindene berre får ein kalv, men det er viktig at forvaltninga er i forkant slik at ein unngår store hjortebestandar som kjem i konflikt med utøving av jord- og skogbruksnæring. Bestanden av hjort kan variere mykje innanfor eit bestandsplanområde, til dømes i Vågå sør er store delar av arealet fjellterreng og dei største konsentrasjonane av hjort er i bygda. Fordeling av kvotar innanfor bestandsplan er styrt av jaktrettshavarane og det er difor viktig med god dialog for å sikre at dyr blir teke ut der dei gjer skade.

Kommunen meiner det vil vere viktig for jaktrettshavarane å ha fokus på høg avskyting i åra framover. Det er viktig at jaktrettshavarane nyttar heile jakttida for å få eit høgt uttak av dyr. Det er mellom anna stort potensial for felling av hjort på innmark før og etter elgjakta. Vågå kommune har endra forskrift om minsteareal i 2023 nettopp for å ta omsyn til den aukande hjortestammen. Det er slik sett eit stort handlingsrom til å auke uttaket av hjort.

Bestandsstatus rådyr

Rådyrbestanden svingar mykje ettersom den er sterkt påverka av snømengder på vinter og predasjon av gaupe og rev. I tillegg er det truleg nokre killingar som blir tatt av slåmaskinar på våren. Det er også ein del som blir drepen i viltpåkøyrse etter veg. Tabell nedanfor viser fellingsresultat fordelt på kjønn og alder.



Som tabellen viser vart det felt lite dyr i 2018 og dette var ein vinter med mykje snø. Tabellen viser elles at det blir felt mest eldre hann. Vinteren 2023 har vore hard for rådyra med mykje snø. I tillegg er bestanden av gaupe aukande innanfor kommunen. Det er difor venta at avskytinga vil vere låg i 2023/2024.

Fallvilt

Det er store variasjonar frå år til år når det gjeld kva type dyr som blir påkøyrd og kor mange dyr som blir påkøyrd. Tal påkøyrse heng nært saman med snøforholda. Når det blir vinter og lite å eta i skog og utmark trekke dyr ned til busetnaden og dyrka mark. Dei tre siste åra har det i snitt gått med 30 hjortevilt utanom ordinær jakttid. Det er mest rådyr som blir påkøyrd og som dør.

Jaktrettshavarane har eit ansvar for å gjere forvaltningsmessige tiltak, slik at talet på viltulykker blir halde på eit minimum.

MÅL FOR BESTANDSUTVIKLING

Målsettingar for elg

Det føreligg god kunnskap om elgbestanden i Vågå gjennom sett og skutt statistikk i hjorteviltregisteret og dette gir eit godt utgangspunkt for den vidare forvaltninga. Vågå kommune sine målsettingar for elg i dei neste bestandsplanperiodene er fylgjande:

Parameter	Status 2017-2022	Mål 2023-2028
Sett elg pr. jegerdag	0,7	< 0,6
Ku per okse	1,6	1,3-1,8
Kalv per ku	0,56	>0,50
Kalv per kalvku	1,09	>1,10
Slaktevekt kalv samla	59,1 kg	62 kg
Slaktevekt åring samla	112,9 kg	115 kg

Vågå kommune oppfordrar jaktrettshavarane til følgjande:

- Ta ut små dyr og spare dei store produksjonsdyra
- Ta ut dyr i område med store beiteskadar på skog og innmark, samt dyr som oppheld seg nære veg og bustadfelt.
- Ha eit bra høgt uttak av kalv og ungdyr.

Målsettingar for hjort

Hjortebestanden skal generelt haldast på dagens nivå, men i nokre område er bestanden allereie for høg med tanke på beiteskadar på dyrka mark og barkgnag. Det er viktig at jaktrettshavarane nyttar heile jakttida for å få eit høgt uttak av dyr. Det er mellom anna stort potensial for felling av hjort på innmark før og etter elgjakta. Det oppfordrast om fri avskyting, med unntak av eldre bukk, for å sikre høgt fellingsresultat.

Målsettingar for rådyr

Rådyrbestanden skal forvaltast slik at bestanden sin produktivitet blir bevart. Bestanden varier mykje etter snørike vintre og predasjon av rovdyr. Bestanden av rådyr er truleg låg etter ein hard vinter med mykje snø. I tillegg er det registrert mykje gaupe innanfor kommunen. Uttaket av rådyr bør difor haldast låg i 2023. Jakt på rådyr bør prioriterast i trafikknære område med mykje viltpåkøyrslar.

Målsettingar for ulykker på veg

Vågå kommune vil vurdere å pålegge tiltak dersom årlege tal på viltulykke overstig:

Elg 15 stk.

Hjort 15 stk.

Rådyr 20 stk.

Bestandsplanar

Forvaltninga er godt organisert i Vågå kommune og følgjer dei geografiske årsleveområda. Kommunen har som mål å vidareføre dette. Dei kommunale måla i dette dokumentet skal leggjast til grunn ved utarbeiding av bestandsplanane. Det er da viktig at måla frå kommunen ikkje er til hinder for jaktrettshavarane sitt handlingsrom. Bestandsplanen skal oppfylgje følgjande:

- Tre års varigheit
- Innehalde konkret målsetting for bestandsutvikling og plan for avskyting i tal dyr, fordelt på alder og kjønn.
- Rutinar for innsamling/rapportering av bestandsdata, det gjeld kjevar og hjorteviltregisteret.

Overhalde følgjande fristar:

- For elg, hjort og rådyr skal valdansvarleg presentere årleg fellingsresultat til kommunen innan 14 dagar etter avslutta jakt.
- Jaktrettshavarane skal vurdere sine bestandsplanar og målsettingar opp mot andre bestandsplanområde innanfor same årsleveområde. Bestandsmål bør vere i tråd med andre bestandsplanar i same årsleveområde.

Kontroll og rapportering

- Jaktrettshavarane skal informere jaktlag og jegerar om krav til godkjend ettersøkshund og ettersøksrutine ved varsling av påskote dyr. Kommunen kan gjennomføre kontroll av avtale om tilgang til godkjend ettersøkshund.
- Jegerane skal legge alle data på Hjorteviltregisteret innan 14 dagar etter avslutta jakt.
- Det skal rapporterast slaktevekt på alle dyr.
- Vågå kommune deltek i overvakingsprogrammet for hjortevilt for elg og hjort i regi av Norsk Institutt for naturforskning (NINA), og jegerane leverer inn kjevar frå elg og hjort kvar år.
- Vågå kommune deltek i prosjektet "Elgen i Oppland".